

Årsmøte  
Valldal Idrettslag  
4. mars 2015



## Sakliste –

1. Godkjenne innkalling, sakliste og møtereclar
2. Konstituering
  - a. Val av dirigent
  - b. Val av sekretær
  - c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok
3. Årsmelding 2014
4. Rekneskap 2014
5. Arbeidsplan 2015
6. Budsjett 2015
7. Behandle laget sin organisasjon
8. Fastsette kontingent 2016
9. Kunstgras Idavollen
10. Val
  - a. Val av leiar for 1 år
  - b. Val av tre styremedlemmar for 1 - 2 år
  - c. Val av 2 varamedlemmar for 1 år
  - d. Val av 2 revisorar for 1 år
  - e. Val av 1 medlem til valnemnd for 3 år
  - f. Val av 2 utsendingar til årsmøtet i Norddal Idrettsråd
  - g. Godkjenning av val av gruppestyre

### **Sak 3: Årsmelding 2014**

Vedlegg 1

#### **Framlegg til vedtak:**

Framlagt årsmelding for Valldal Idrettslag med undergrupper sine årsmeldingar vert godkjent og fastsett årsmelding for 2014

### **Sak 4: Rekneskap 2014**

Vedlegg 2

#### **Framlegg til vedtak:**

Framlagt rekneskap for Valldal Idrettslag med undergrupper sine rekneskap vert godkjent og fastsett som rekneskap for 2014

### **Sak 5: Arbeidsplan 2015**

Dei nyvalde styra bør få behandle sine arbeidsplanar for å få eit størst mogeleg eigarforhold til desse. Årsmøtet bør gje fullmakt til styret om å fastsette arbeidsplanane snarast mogeleg etter årsmøtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret får fullmakt til å godkjenne arbeidsplanar 2015 for Valldal IL med undergrupper.

### **Sak 6: Budsjett 2015**

Vedlegg 4

#### **Framlegg til vedtak:**

Framlagt budsjett for Valldal Idrettslag med undergruppene sine budsjett vert fastsett som budsjett for 2015

### **Sak 7: Laget si organisering**

I samsvar med Lov For Valldal Idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering.

#### **Framlegg til vedtak:**

Vedteken organisasjonsplan for Valldal Idrettslag vert vidareført i 2015.

### **Sak 8: Medlemskontingent**

I samsvar med lov for Valldal Idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsette medlemskontingent. Vedtak vil gjelde for 2016

Noverande kontingent

Barn t.o.m. 16 år	kr 350
Vaksne f.o.m. 17 år	kr 450
Familie	kr 800
Pensjonistar	kr 350

Støttemedlem

fritt beløp

Framlegg til vedtak:

Medlemskontingent 2016 vert uendra.

**Sak 9: Rehabilitering av Idavollen**

På årsmøtet 2013 vart det vedteke å rehabilitere Idavollen med kunstgras og oppgradert lysanlegg. Planane omfatta 7-ar bane og 5-ar bane. Det vart oppretta eiga nemnd for å ta seg av arbeidet. Søknader om spelemidlar vart godkjent og Norddal kommune gav tilsagn om støtte på kr 985.000.

Etter kvart kom det fram opplysningar som gjorde det aktuelt med betre utnytting av arealet på Idavollen. Det vart tilbudt andre løysingar for å legge kunstgras på eksisterande baner med gode grunnforhold. I tillegg tilrådte Norges Fotballforbund at det vart bygt eit lita 11-ar bane med kunstgrasflate på 96 m x 56 m. med eit betre lysanlegg. Total kostnad er rekna til i underkant av kr 4,0 mill. Bana har fått idrettsfunksjonell godkjenning og det vil verte sendt søknad om spelemidlar på kr 1,320 mill. Resterande kostnad vert fordelt mellom Valldal IL og Norddal kommune. Styret i idrettslaget bed om årsmøte si godkjenning av planending.

Framlegg til vedtak

1. Endra planar for rehabilitering av Idavollen til 11-ar bane med kunstgras vert godkjent.
2. Rehabilitering skal gjerast innanfor ei total kostnadsramme på inntil kr 4,0 mill inkl mva
3. Finansiering med spelemidlar, kommunalt tilskot og eigendel på Valldal IL. Idrettslaget sin del skal dekkast med bruk av eigenkapital på inntil kr 650.000 og dugnad. Det kan takast opp banklån på kr 400.000 med nedbetaling inntil 20 år. Til å dekke kortsiktig behov for likviditet i byggetida kan det takast opp banklån på inntil kr 3,0 mill. Lånet skal nedbetalast snarast råd ved utbetaling av tilskot og anna økonomisk støtte. Maks løpetid på lånet er 1 år.

**Sak 10: Val**

Valnemnda sitt framlegg:

Styre i Valldal IL

Leiar:	Einar Hoel	for 2015
Nestleiar	Anders Rem	2015
Styremedlem:	Trond Håvoll	2015-16
Styremedlem:	Liv Marit Indreeide	2015
Styremedlem:	Kristin Sandnes	2014-15(ikkje på val)

1. varamedlem: Inge Sunde for 2015
2. varamedlem: Torkjell Bjørstad for 2015

Revisorar:	Kåre Erstad	for 2015
	Olav Løvoll	for 2015

Framlegg til valnemnd:

	2016-18 (for 3 år)
Øyvind Hoel	2014-16 (ikkje på val)
Reidar Bjørstad	2015-17 (ikkje på val)

Val av utsending til årsmøtet i Norddal Idrettsråd, 2 personar

Godkjenning av val i undergrupper:

Fotballgruppe -	Richard Moen	leiar 2015 styremedlem Valldal IL
	Hillevi Hovden	2015-16
	Silje Sandøy Grønning	2014-15 (ikkje på val)
	Robin Gjerde	2014-15 (ikkje på val)
	Stig Rune Grønmo	2015-16
		Hege Bjørstad
	Rune Omenås	2. vara 2015
Friidrettsgruppe-	Magne Eivind Glomnes,	leiar 2015 (attval)styremedlem Valldal IL
	Lars Tomas Bersås	2014-15 (ikkje på val)
	Kjersti Magnussen	2014-15 (ikkje på val)
	Børge Heggen Johansen	2015-16
	Øyvind Reiten	2015-16
		Petter Lingaas
	Jacek Wilczura	2. vara 2015
Skigruppe-	Kristi Stakkestad	leiar 2015 (attval) styremedlem Valldal IL
	Jan Ole Fuglem	2015
	Mariann M Sunde	2014-15 (ikkje på val)
	Terje Nerhus	2015-16
	Geir Arne Myren	2015-16
		Per Jomar Nerli
	Arne Sandnes	2. vara 2015
Trimgruppe-	Kjersti Magnussen,	leiar 2015 (attval) styremedlem i Valldal IL
	Odd Martin Hoel	2014-15 (ikkje på val)
	Jurg Barthel	2014-15 (ikkje på val)
	Liv Hanne Svensvik	2015 (nestleiar)
	Runar Andersen	2015-16
	<i>Richard Moen</i>	<i>2015 – ansvar for fresbeegolf</i>
	Maria Dvergsdal	1. vara 2015
	Nelly Ytterli	2. vara 2015